

ÅRSMELDING 2020 FOR ASTRHEIM SOKNERÅD


Arbeidsmålet for kyrkjelyden i Austrheim:

*»Den Norske kyrkja i Austrheim skal vera ei vedkjennande,
misjonerande, diakonal og open folkekirkje.*

*I forkynning, opplæring og omsorgsteneste er målet at
menneska skal koma til tru på Herren Jesus Kristus og
finna ein plass i eit frigjerande og forpliktande fellesskap*

Visjon

Austrheimkyrkja – tru, fellesskap og deltaking.



Ei av 4 nye soyler i kyrkja, plassert på nytt stødig fundament.

Soknerådet 2020

Leiar: Helge Dyrkolbotn

Varamedl: Kjell Dahle,

Nestleiar: Anne Dahle Austrheim

Medlemmer: Gerd Marie Solheim, Arne Lerøy

Kine Alfredsen Lerøy, Svein Tomas Villanger,

Edvard Bjerkestrand, Inger Synnevåg,

Bjørn Helge Olsen, Torill Hordvik

Representant for biskopen: Rune Minde - Vararepresentant: Kjell Sekkingstad

Kommunal representant: Hege Ramsland -

Kommunal vararepresentant: Ann Kristin Leirvåg

Arbeidsutval: 1.11.2

Soknerådsleiar, nestleiar, prest og kyrkjeverje.

Kan førebu soknerådsmøter, og kan ta avgjersler etter delegering frå soknerådet.

Administrasjonsutval:

Samansett av to medlemmar frå arbeidsgjevar (soknerådet) og ein frå dei tilsette.

Leiar: Inger Synnevåg, Bjørn Helge Olsen (nestleiar).

Frå tilsette: Amelie Katarina Knieriem. Oddrun Karin Sæle (vara).

Representantane frå soknerådet (arbeidsgjevar) fungerer også som lønsforhandlingsutval, med unntak av leiarløna som har ein årleg gjennomgang i soknerådet..

Tilsette:

Soknerådet er arbeidsgjevar for 7 tilsette, som for tida utgjer ca. 3,77 årsverk, noko som er ein liten nedgang frå 3,83 årsverk. Stillingsreduksjonen vil gjelda så lenge Gry Haukeland har permisjon.

Kyrkjeverje 100%

Leif Arne Økland – utleigd til Fedje sokn i 20% som kyrkjeverje.

Kyrkjelydspedagog:

Jostein Hauge (60 % - 5% refusjon frå Fedje pga felles konfirmantopplegg mm)

Kyrkjemusikar:

Jostein Hauge (40%).

Trusopplærar 30%

Amelie Katarina Knieriem

Sekretær

Evy Beate Uthaug – innleigd frå Fedje sokn i 20% sekretæroppgåver/festeavgift

Kyrkjetenar:

Gry Haukeland (11,7%) – kyrkjetenar til gravferder vert hyra inn på timebasis.

Reinhaldar kyrkja

Gry Haukeland – har permisjon frå 15.06.2020 til 14.06.2021(15 %)

Reinhaldar kyrkja

Ann Karin Rustad (15%) – i tidsrommet 15.06.2020 – 14.06.2021

Reinhaldar kyrkjelydshuset:

Oddrun Sæle (12,21%)

Kyrkjegardsarbeidarar:

Stein-Olaf Jordal (100%) (15% av stillinga vert disponert av kommunen – teknisk avdeling, noko som også vert refundert av kommunen).

Willy Villanger (8,54 %)

Trusopplærar har hovudansvaret for konfirmantundervisninga og oppfølging av konfirmantleiarane. Vi har vanlegvis felles konfirmantundervisning med Fedje. Stillinga vert finansiert av eksterne trusopplæringsmidlar og frå soknet sitt eige budsjett via gjevartenesta. Grunna koronasituasjonen har konfirmantundervisninga 2020/2021 gått føre seg i kohortar, Årås, Kaland og Fedje. Fedjekonfirmantane har hausten 2020 separat undervisning og er ikkje saman med Austrheimkonfirmantane. Fedje sokneråd har beslutta å betala 1/3 av Amelie Knierem si løn for dei månadane vi har konfirmantundervisning. Jostein Hauge er ansvarleg for dei øvrige trusopplæringsstiltaka.

Klokkartenesta vert utført på dugnad – sjå eige avsnitt

Vi har avtale med Fedje sokn om 5% refusjon av Jostein Hauge si løn som kyrkjelydspedagog – for administrasjon av det som er eit felles konfirmantopplegg med Fedje i dei månadane konfirmantundervisninga går føre seg. Inni denne prosenten har Fedje også fått nytta Jostein Hauge sin kompetanse til å få hjelp til diverse teknisk bistand. Austrheim kommune refunderer 15 % av Stein-Olaf Jordal si stilling som gravplassarbeidar, fordi han gjennom vinterhalvåret utfører arbeid for tekniske tenester i kommunen.

Rune Minde er sokneprest. Stillingsfordelinga er som før 75% sokneprest for Austrheim og 25% for Fedje. Presteressursen er i sin heilskap finansiert av bispedømet.

Leif Arne Økland er utleid til Fedje i 20% som kyrkjeverje der. I retur arbeider Evy Beate Uthaug (som er sekretær på Fedje kyrkjekontor) i 20% på kyrkjekontoret på Austrheim. Hennar oppgåver her på Austrheim er i hovudsak innkrevjing av festeavgift.

Med omsyn til gravferder i Austrheim i 2020 har Rune Minde hatt dei fleste. I situasjonar der Rune har hatt fri eller behov for avlasting, så har vikar blitt drøfta med prosten fortløpande. Det har såleis ikkje vore ei ordning med vaktveker i eit samarbeid med prestane på Radøy, som vi har hatt tidlegare. Ordninga vi har hatt siste året har etter vår vurdering fungert godt.

Saker/møter i soknerådet:

Soknerådet har hatt 6 soknerådsmøte og handsama 64 saker, fordelt på 31 soknerådsaker og 33 fellesrådsaker.

Soknerådet har mellom anna arbeidd med desse sakene (utdrag av dei viktigaste sakene):

Sokneråd – saker:

Har drøfta sak om kyrkjelyden sine målsetjingar.

Hatt gjennomgang av soknet sine nemder.

Hatt val av leiar og nestleiar (årleg).

Avgjort endra gjennomføring av konfirmasjonsrådsgudstenestene

Ny gjennomgang og justering av trusopplæringsplanen.

Fellesråd--saker:

Godkjent rekneskapen for 2019

Godkjent budsjettet for 2021.

Drøfta framtida for kyrkjelydshuset.

Vedtatt vilkår ved flytting av kyrkjekontoret

Pålegg om informasjon til politikarane vedk reduksjon i kommunal overføring.

Kyrkjelydsarbeid

Gudstenester – sangkveldar - konsertar - mm:

2020 vart koronaåret med nedstenging, avlysningar og anndeis tilnærming til alt kyrkjelydsarbeid. Alt vart snudd på hovudet etter 12.mars 2020, då alt av aktivitetar vart stengt ned. Uvissa var stor til å begynna med grunna ukjent omfang av virusutbrotet. Kyrkja var uansett stengt frå januar til over påske grunna utbetningsarbeidet med forsterking av bærekonstruksjonane. Vi hadde ei gudsteneste i Årås bedehus og hadde gudstenenester i kyrkjelydssalen før den nasjonale nedstenginga.

Vi har gjennomført tilsaman 32 gudstenester i 2020, mot 41 i 2019. 2 av desse gudstenestene har vore «gudsteneste for alle» (2 fredagskveldar). 12 av gudstenestene var med dåp, 5 av desse som eigne dåpsgudstenester. Grunna begrensningar i kor mange vi kunne samlast, så har vi i 2020 hatt fleire dåpsgudstenester enn det vi har til vanleg. Dette er gudstenester vi har hatt saman med Fedje sokn. Seinhaustes 2020 opplevde vi ei ny smittebølgje med ytterlegare begrensningar i kor mange som kunne samlast. Dei tradisjonelle julegudstenestene vart avlyst og vi hadde istadenfor utegudsteneste julafta, utanfor kyrkjelydshuset med fakkeltog til kyrkja.



Julafta 2020 utegudsteneste

Gjennomsnittstalet for gudstenestedeltakarar i 2020 har vore 50, mot 91 i 2019. Grunna nedstenging og koronabegrensningar, så er tala for 2020 lite samanliknbare med noko som helst.

Vi har ikkje hatt konsertar i kyrkja i 2020. Konsertar både med Steinar Engelbrektson og Kristin Minde, vart avlyst grunna plassbegrensningar. Dei tradisjonelle julekonsertane med barnekoret Tiriltunga og Austrheim Songlag, gjekk også ut grunna koronarestriksjonane.

Digitale visningar:

I staben vår har vi folk som er gode på digital produksjon og formidling. Her snudde vi oss kjapt rundt og fekk laga mange videoinnslag med helsingar, musikalske bidrag og presentasjon av «min salme». Vi fekk også, i samarbeid med Fedje sokn, laga 2 digitale gudstenester «frå kjøkkenbenken» våren 2020. Desse to digitale gudstenestene kjem i tillegg til dei 32 fysiske gudstenestene. Vi har hatt ei bratt læringskurve på dette med digital formidling og fått gode tilbakemeldingar på det vi har laga. Dei digitale innslaga har hatt mange sjårarar og delingar. Dei to digitale gudstenestene til dømes, hadde så mange som 4385 visningar. Vi er samde om at vi vil halda fram med digitale produksjonar etter at alt etter kvart vil bli normalisert. Men vi kjem ikkje til å laga fleire produksjonar enn det vi har kapasitet til. Av innslag vi har snakka om å halda fram med er med Rune, enten det er tankar frå kajakken, skisporet eller sykkelsætet. Han har også laga innslag der han har samtalar med ulike personar, som har vist seg å vera svært interessante. Dette er samtalar vi ønskjer å laga fleire av. Dei fleste innslaga vi har laga har vore felles for begge sokna.

Nattverddeltakarar:

I 2020 var det trass i den kraftige nedgangen grunna frammøterestriksjonar, likevel eit gjennomsnitt på 28 personar som deltok i nattverdhandlinga, imot eit gjennomsnitt på 32 i 2019.

Det er med spenning vi ser fram mot at forholda normaliserar seg og at vi etterkvart kan sjå fram til å feira gudstenester igjen utan plassbegrensinger. Vi trur det kanskje blir slik at vi må øva oss opp igjen til å bli aktive gudstenestedeltakarar igjen. Dei negative konsekvensane av nedstenginga kan kanskje føra til at ein har blitt litt for van med å halda seg heime.

Biskopen sine ord frå visitasen i 2012 har vore ein gjengangar i årsmeldingane og kan med fordel bli dratt fram igjen her:

"Gå til gudsteneste for di eiga skuld, for kyrkjelyden si skuld og for Guds skuld! "

Skule- barnehagesamarbeid

Historien om dei tre vise menn



I dette koronaåret har vi ikkje hatt skule og barnehagegudstenester, grunna epidemien. Det einaste kyrkjebesøket som har vore i 2020, er ein lærar som hadde med seg klassen sin i kyrkja. Jostein Hauge har laga ein digital versjon av dei tre vise menn, som til vanleg vert framført i barnehagane i adventstida. Den digitale sendinga har vore framvist i begge barnehagane og for dei yngste på barnetrinnet.

Inspirasjonssamling/årsmøte:

Dette årets samling vart halden 4.mars i kyrkjelydssalen.

Kyrkjevertar:

Kyrkjevertane har som oppgåve å ynskje velkommen til kyrkje, dele ut salmebøker/ark og rettleie Dei er også med på teljing av offer. Det første møtet med kyrkja i Austrheim er det kyrkjevertane som har ansvar for. Difor er dette ei viktig teneste og som vert utført av friviljuge. Kyrkjevertane har i 2020 også mått registrera dei som har kome til dei gudstenestene der ein kunne samlast fysisk. Dette måtte ein gjera for å leggja til rette for eventuell smittesporing.

Klokardenesta/nattverdsmedhjelparar:

Den frivillige klokardenesta er ei uløna teneste, ei kjempeflott dugnadsteneste i Austrheim sokn.

Det er fem klokkarar, tre av dei er også nattverdsmedhjelparar. I tillegg er det to som berre har nattverdsutdeling som si teneste. Lønsmidlane for klokkarstillinga – opprinnelig 15 % er lagt inn i administrasjonsressursen på kyrkjekontoret.

Diakoninemnd:



Diakoninemda har 7 medlemmer med Britt Rebnord som leiar. Nemnda er mellom anna ansvarleg for det ein tidlegare kalla «roseprosjektet». Dei deler også ut blome til dei som har mista ein ektefelle eller eit barn. Dette skjer rett før jul. 16 personar er engasjert i dette. Dei har hatt 130 besøk hos innbyggjarar som har fylt 80 år med ein pakke med mjølkehjarter. Tidlegare delte dei ut ei enkeltrose til dei som fyller år. Denne vart erstatta med ein pakke med mjølkehjarter då blomsterbutikken på Mastrevik Torg vart nedlagt. Sjølv om det no er komen ein ny blomsterbutikk har diakoninemda bestemt at dei vil halda fram med å dela ut mjølkehjarter til dei som fyller år. Dei laga også til fest på Nordliheimen 11. februar med Finn og Birger, før alt vart stengt ned.

Diakoninemda har også representant i nemnda for inkludering av menneske med utviklingshemming i kyrkjelyden og har ansvaret for kyrkjekaffien til to av dei fire fredagsgudstenestene.

Diakoninemda fungerer godt i forhold til dei oppgåvane dei står i.

Nemnd for integrering av menneske med utviklingshemming i kyrkjelyden:

4 fredagskveldar i året er det gudstenester som er innarbeidd og lagt til rette for menneske med utviklingshemming. Grunna koronarestriksjonane kunne vi berre ha 2 slike gudstenester i 2020. Desse gudstenestene har hatt ein lang tradisjon, og er ein del av dei forordna gudstenestene i Austrheimkyrkja. Etter gudstenestene er det kyrkjekaffi under galleriet.

Diakoninemda og nemnda sjølv deler på arbeidet med kyrkjekaffien. Omlag 30 personar deltek på desse gudstenestene. Namnet er: «Gudsteneste for alle»

Misjonsprosjekt:

Austrheim sokn har misjonsprosjekt knytt opp til "Gi evangeliet vidare" i Mali, gjennom NMS.

Frode Brügger Sætre fra Austrheim arbeider i dette prosjektet.

I misjonsavtalen er det avtalt at vi skal skaffe minst kr. 15.000 i året til prosjektet mellom anna ved kyrkjeofringar. Kjerringrokken og soknet arrangerte digital basar og samla inn 10.000 kroner kvar til prosjektet. Det vart samla inn tilsaman kr 7.482 i kyrkjeofringar.

Kyrkjeskyss:

Ringeruter, med nokre kontaktpersonar.

Nokre enkelpersonar nyttar seg av tilbodet.

Tilbodet er annonser i Kyrkjebakken.



Kirkens Nødhjelp:

Fasteaksjonen i 2020 var digital, då det frå sentralt hold vart bestemt at pengane som vart samla inn, utelukkande skulle betalast inn via facebook eller med vippes. Konfirmantane vart oppfordra til å bidra med å verva gjevarar. Det viste seg at den digitale innsamlinga medførte mindre inntekter til fasteaksjonen enn ein bøsseaksjon. Tilsaman via facebook og Vippes kom det inn kr 34 868, mot kr 52.445 året før. Elles får Kirkens Nødhjelp faste kyrkjeofringar på julafta og 17.mai.



50-årskonfirmantar

Dei siste åra har vi samla 50 års konfirmantane på hausten, til gudsteneste og så festleg samvær i Kilstrommen etterpå. Vi inviterte også til det same no i haust. Sjølv om vi splitta opp og gjekk ut med at vi skulle ha ei eiga gudsteneste for 50 års konfirmantane og at vi kunne ha ei separat samling i Kilstrommen for denne gruppa, landa vi til slutt på at arrangementet vart avlyst. Fleire av dei inviterte uttrykte skepsis og nokre av dei hadde også underliggende helsemessige utfordringar. Dermed vart det ei avlysning.

Kyrkjebakken:

Kyrkjebakken kom ut med 8 nr. i 2020.

Grunna omveltingane som skjedde i vårhalvåret, makta vi ikkje halda utgjevingsplanen og måtte la eitt nummer gå ut. Difor vart det 8 og ikkje 9 nummer i 2020. Rune Minde har skrive dei fleste andaktane. Spalta med «min salme» går endå sin gang, sjølv om det av og til er eit utfordring til å finna folk som kan bidra. Redaksjonen består no av Jostein Hauge, som plasserer innhaldet før det vert sendt over til lay out på trykkeriet. Vidare er Jorunn Kårdal, Britt Rebnord og Leif Arne Økland i redaksjonen. Bladet får gode tilbakemeldingar, mykje på grunn av frisk layout og eit blad som vert gitt ut i fargar. Kyrkjebakken er 50 år i 2021 og det vert planlagt å setja ned ei arbeidsgruppe som kan finna stoff til eit jubileumsnummer til hausten.

Vaksenarbeid

Det har ikkje vore arrangert kveldssamlingar i 2020. Dette skuldast først og fremst koronanedstenginga.

Trusopplæring

Dette er eit arbeid for born og unge frå 0 – 18 år. Austrheim og Fedje har separat trusopplæringsressurs, med unntak av konfirmantarbeidet. Amelie Katarina Knieriem har 30 % stilling som hovudansvarleg for konfirmantane. Jostein Hauge er ansvarleg for å administrera det øvrige trusopplæringsarbeidet.

Dåp:

Ved dåpen får alle som er heimhøyrande i Austrheim ein av fadrane som kontaktfadder (foreldre vel kven dette skal vera)

Denne fadderen får eit særskilt ansvar for barnet. Kontaktfadderen skal også inviterast til samlingar der barnet vert invitert.

Foreldra får boka: Arvegull

Dåpslys, dåpsklut og dåpsfutteral til dåpslyset. får dei med seg etter gudstenesta. Det var 19 born som vart døypte i Austrheim i 2020

Dette er det same antallet som var i 2019.



Barnearbeidet:

Ved 1. årsdagen for dåp får dei eit bilet med Godnattsang på.

Det året dei er tre år vert dei invitert til «Nattagudsteneste» i kyrkja.

I 2020 gjekk den ut, men 3- og 4-åringane vart invitert til Barnas festgudsteneste med utdeling av bok.

3-åringane fekk ei lita bok med bibelforteljingar og klistermerke.

4. åringane fekk Bornas kyrkjebok,

I 2020 var det 6 3-åringar og 4 4-åringar som fekk bok.

Soknepresten oppretta i haust ein dialog med to familiar, med tanke på mogeleg oppstart av eit søndagsskuletilbod parallelt med gudstenestene. Grunna korona kan ikkje dette bli dratt i gang før hausten 2021.

2. klasse vert invitert til Tårnagenthelg og får boka «Tøffe bibeltypar». I 2020 vart dette diverre ikkje gjennomført.

Døgnleiren på Rongevær for born i alderen 7 – 10 år, måtte dessverre gå ut, grunna korona epidemien. Her er misjon gjennomgangstema. Leiren er eit samarbeid med NMS Ung.

5. klasse skulle fått Bibel på Bibeldagen 2020. Den vart avlyst grunn korona, men me inviterer dei til utdeling i mai 2021.

6. klasse skulle fått tilbod om Lys Vaken, men også denne vart avlyst grunna korona epidemien.

«Kor for 1 dag» med Ivar Skippervold var heller ikkje mogeleg å gjennomføre grunna strengare krav til smittevern ved song.

Sjølv om det ikkje vart slik i 2020, så har vi ein del frivillige medhjelparar, deriblant ein del av ungdommane (fjorårskonfirmantar og eldre) som hjelper til på arrangementa.

Den store barnehelga 2020

Den vart veldig redusert dette året, men på 2. forsøk klarte me å gjennomføre barnas festgudsteneste med utdeling av bok til 3- og 4-åringane. Det vart ei veldig kjekk familiegudsteneste.

Ungdomsarbeid:

Den forma for kontinuerleg ungdomsarbeid ein har, er leiartreninga som tidlegare konfirmantar deltek på. Dette er det Amelie Katarina Knieriem som er ansvarleg for.

Konfirmantundervisning:

“Skatten og perlene” vert nytta som konfirmantopplegg i Austrheim. Dette er eit fint opplegg både for konfirmantane og leiarane. Ved bruk av ”Kristuskransen” vert frivillige medarbeidarar dradd inn saman med dei tilsette. Amelie Katarina Knieriem har hovudansvaret for konfirmantundervisninga. Ho er tilsett i 30%. Nokre frivillige og tidlegare konfirmantar er med som hjelpeiarar på konfirmantsamlingane.

Den tradisjonelle leiren på Raknestunet vart avlyst. Vanlegvis har vi konfirmasjonane siste søndagen i mai. Grunna nedstenginga vart det ikkje råd å avvikla konfirmasjonane på dette tidspunktet, men vi var heldige og fekk gjennomført dette siste søndagen i august istadenfor. På dette tidspunktet var det lette i restriksjonane og vi fekk gjennomført kofirmasjonane med å ha 3 gudstenester siste søndagen i august. 27 ungdommar har følgt konfirmantundervisninga dertte året.



Grunna vedvarande restriksjonar har ein gjort nokre endringar i konfirmantundervisninga for nytt konfirmantår frå og med hausten 2020. No går undervisninga føre seg i kohortar, slik at Årås konfirmantane og Kalandkonfirmantane får undervisninga i sine respektive grupper. Fedjekonfirmantane har si undervisning separat og vil dette konfirmantåret ikkje vera saman med Austrheimkonfirmantane.

Konfirmantane betaler ein eigenandel på kr. 1.350 for leir og andre aktivitetar, restkostnadane tek soknerådet.

(Austrheimkonfirmantane 2020)

Fjon fjellkyrkje- og ungdomssenter:

Alle kyrkjelydane i Nordhordland er eigrarar av Fjon fjellkyrkje- og ungdomssenter. Sokneråda i prostiet veljer kvart sitt medlem og varamedlem til rådet. Dei sit i ein 4 års periode I tillegg har stiftinga eit styre.

Generell kommentar - bygg og anlegg

Administrasjon og sokneråd har for 2020 måttå køyra ei svært stram økonomisk line, særskilt på grunn av at kommunen har redusert driftstilskotet til soknet med 500 000 kroner kvart år den neste kommunestyreperioden. (Dette er ein reduksjon på ca 15% av tildelinga i forhold til 2019). På plussida har soknet fått tildelt investeringstilskot på 700 000 kroner, både i 2020 og i 2019 til utbetring av kyrkja. Uni Stiftelsen ytte soknet eit tilskot på 100.000 kroner til det same prosjektet i 2020. Alt dette gjorde oss istand til å fullfinansiera heile utbetringa (og vel så det).

Kyrkja:

Kyrkja var stengt dei første månadane av 2020, grunna utbetringsarbeid. Bærekonstruksjonane på loftet er forsterka med ståldragarar som er festa til bærebjelkane i kyrkja med tversgåande boltar. 4 bæresøyler i kyrkja er bytta ut og det er laga nytt fundament for desse i tillegg til at fundamentet til ei femte søyle er reparert. Taket over koret i kyrkja (utvendig)vart reparert for lekkasjar og ytterveggane rundt koret er malt. Det er sett opp nye takrenner og nedløp rundt dette utbygget. Alt dette vart gjort med det same stillaset var oppe. Markus Bygg har gjort eit utmerka arbeid med prosjektet og Multi Consult har stått for prosjektplanlegginga.

Kyrkjelydshuset:

Soknerådet disponerer Kyrkjelydshuset, men formell eigar er kommunen. Kommunen laga i 2020 vedtak der dei sa opp tenesteytingsavtalen kommunen har med Austrheim sokn, med intensjon om å laga ein ny avtale og at soknet sin administrasjon skal flytta frå kyrkjelydshuset og til kommunehuset. I utgangspunktet skulle kontoret flytta innan nyttår, men dette har blitt utsett. Kommuneadministrasjonen ønskjer å selja bygget, men det er kome fram protestar på dette. Difor er både flytting og sal av bygget utsett inntil vidare, inntil ein har konkludert med den vidare skjebna til huset. Uansett kjem soknet sin administrasjon til å flytta. Om kyrkjekontoret skulle blitt verande i noverande bygg, så måtte ein ha lagt ut betydelege midlar for å gjera kontordelen universelt tilgjengleg. Soknerådet betalar straumutgifter og løn for reinhald, og har teke på seg indre og mindre vedlikehald av huset. Planane om nytt forsamlingshus ved kyrkja kan i denne omgangen ikkje forserast, grunna det igangsette arbeidet med utbetringer av kyrkja og strammare økonomiske rammer frå kommunen.

Gravplassane:

Austrheim gravplass fungerer stort sett tilfredsstillande, men den nye delen frå 1996 fylles opp jamt og trutt. Med dagens gravleggingsfrekvens er denne delen av gravplassen full om ca 10 år. Prosjektering av delar av felt 2 har

blitt sett på vent sidan vi først må gjera ferdig arbeidet med ein verneplan for dei eldste gravminna på begge gravplassane. Arbeidet med verneplan nærmar seg no slutten og vil sannsynlegvis vera ferdig vårhalvåret 2021. Arbeidsgruppe består av Liv Ulvøy (frå sogelaget), Kjell Dahle (inntil 2020), Kari Utkilen (frå kommunen) i tillegg til kyrkjeverja. Gravminner som blir tatt vare på vil enten bli ståande der dei står, eller flytta til eit lite felt som skal bestå av verna gravminner.

Vi har bestemt oss for at felt 2, 3 og 4 (i tillegg til felt 1 på Leirvåg gravplass) ikkje skal gjenbrukast til nye kistegraver, grunna for mykje innslag av leire i kombinasjon med for dårlig drenering. Dette fører til at nedbrytinga går for sakte.

Problema med overflatevatn og blaute parti er blitt betydeleg mindre på dei felta vi har hatt overflatedrenering på (felt 9,10 og 11). Grøfteprosjektet har halde fram våren 2020 på felt 8, beståande av eksisterande dobbeltgraver. Grunna dårlig vær har det ikkje vore mogeleg å grøfta hausten 2020. Dette er meir tidkrevjande, sidan gravminna må bli tatt vekk og setjast på plass igjen etter dreneringsgrøfta er dekka til.

Lervåg gravplass

Dei fleste gravferder til Lervåg gravplass går frå bedehuset like ved. Leirvåg gravplass har no god kapasitet i minst 50 år framover.

Gravplassane på Austrheim og Lervågsleitet i tillegg til Kolerakyrkjegarden er under soknet si eige og administrasjon. Den daglege drifta er delegert til kyrkjeverja. Begge gravplassane er godt vedlikehaldne. Vi er gravplassforvaltning for all gravlegging i kommunen, uavhengig av livssyn eller kyrkjemedlemsskap. Men når det gjeld seremoniane er vi berre ansvarlege for dei som vert foretta etter Den Norske Kyrkja si ordning.

Soknet er eigar og har ansvar for ein del bygningar. Først og fremst kyrkja. Men også driftsbygget og bårehuset med toalett ved gravplassen på Austrheim.

Toalett, bårerom, reiskapsrom og spiserom ved Lervågsleitet gravplass, (alle dei romma er kalla «klokketårnet») er også i soknet si eige.

Det er ein innarbeidd tradisjon vi har i Austrheim er at det står lys på inne og ute i bårerommet når der står kiste der.



Dronebilete av Austrheim gravplass. Bårehuset med toalettanlegg til høgre. Felt med barnegraver ligg nærmest bårehuset (foto Alf Kvant)

Årsmelding 2020 Austrheim sokn

Økonomidelen:

I 2020 hadde vi eit mindreforbruk i driftsrekneskapen på kr 34.169,88. Resultatet balanserer ganske tett opp til det som var det opprinnelege framlegg til budsjettet for 2020. Gjevartenesta utgjorde i 2020 kr 109.500,-. Det er i 2020 tatt ut kr 100.000 frå gjevartenestefondet for å dekka løn til trusopplærarar.

Overskot på driftsrekneskapen vert ført til ubunde driftsfond.

I investeringsrekneskapen vart det eit meirforbruk på kr 273.178,87. Ein har brukt av investeringsfond for å dekka inn underskotet. Kommunen ytte soknet 700 000 kroner i investeringsstøtte også i 2020. Denne støtta i tillegg til eit tilskot på 100.000 kroner frå UNI-stiftelsen gjorde underskotet mindre og heile utbetringsarbeidet i kyrkja vart såleis fullfinansiert.

At vi hadde eit lite mindreforbruk på drifta i 2020, trass i at kommunen har redusert si rammetildeling med 500 000 kroner i 2020 og tilsvarende dei neste 3 åra skuldast fleire spesifikke årsaker. Mange trusopplæringstiltak vart avlyste grunna pandemien. Dette åleine har ført til ei innsparing på opp under 100 000 kroner. Vi har hatt inntekter på diverse sjukeløn på om lag 110.000 kroner, som det ikkje er budsjettert med. Vi har ei rekke mindre utgifts og inntektspostar som spesifikt har gitt seg fordelaktige utslag i 2020 og som ikkje vil gjenta seg i 2021. Det er såleis ikkje slik at soknet har makta å tilpassa seg ein situasjon med varige reduserte overføringer. I eit normalår ville vi såleis hatt eit underskot på drifta på oppunder 300 000 kroner, med bakgrunn i det som er dagens rammetildeling. 2020 er såleis eit unntaksår på alle måtar.

Driftsrekneskap 2016– 2020:

	Overføring frå kommune	Overføring frå staten	Meirforbruk / mindreforbruk	
2016	3.480.000 i drift 300.000 i invest.	0	263.222,85 103.525,-	Mindreforbruk på driftsrekneskapen Mindreforbruk på investeringsrekneskapet
2017	3.560.000 i drift 650.000 i invest	111.328 (til trusopplæring og ovf-tilskot)	26.010,- 107.075,-	Meirforbruk på driftsrekneskapen Meirforbruk på investeringsrekneskapet
2018	3670.000 i drift 400.000 i invest	252.282 (trusoppl og forsikring)	471.117,76 34.859,-	Mindreforbruk på driftsrekneskapen Mindreforbruk på investeringsrekneskapen
2019	3.350.000 i drift 700.000 i invest	237.997 (trusopplæring, sjukeløn og valstøtte)	56.524,36 528.906,81	Mindreforbruk på driftsrekneskapen Mindreforbruk på investeringsrekneskapen
2020	2.875.000 i drift 700.000 i invest	314.357 (trus- opplæring og sjukeløn)	34.169,88 273.178,87	Mindreforbruk på driftsrekneskapen Meirforbruk på investeringsrekneskapen

Lån

Soknerådet har desse låna:

Lån til kyrkevindauge kr. 1.000.000. Lån til utviding av gravplass kr. 5.000.000

Dei respektive låna er pr 31.12.2020 komen ned i 3.660.000

Løn

I 2020 gjekk det kr 2.635.961,78 til løn og sosiale utgifter mot kr 2.722.743 i 2019.

Gåver – offer – innsamlingar – gjevarteneste

Gjevartenesta:

I 2016 snakka vi om å få eit fornva fokus på gjevartenesta. Ved utgangen av 2019 har vi komen opp i 15 faste gjevarar og 1 som har gitt sporadisk. Samla inntekt på gjevartenesta var i 2020 kr 109.500.

Offer – 2016-2020:

	Offer til andre	Offer til Kyrkjelydsarbeidet		Fasteaksjonen (eiga innsamling)	Gjevarteneste
2016	83.963	33.163		57.489	41.600

2017	116.840	51.161		56.890 (inkl vipps)	82.350
2018	100.303	29.679		53529 (inkl vipps)	110.400
2019	161.375	38.993		52.445 (inkl vipps)	105.800
2020	63.775	18.641		34.868	109.500

Årsmeldinga er gjennomgått og godkjent på soknerådsmøtet 10.mars 2021.

Austrheim 10.03.2021

Helge Dyrkolbotn
Leiar Austrheim Sokneråd

Leif Arne Økland
Kyrkjeverje